

Politisk organisering og delegering i Bjørnafjorden kommune 2027-2031

Innhold

Delegeringsreglement	2
Kommunestyret	4
Formannskapet	4
Formannskapet som kommunal klageinstans (klagenemnd)	6
REGLEMENT FOR FORMANNSKAP OG PLAN-, BYGG- OG MILJØUTVALET SOM KOMMUNAL KLAGEINSTANS	6
Formannskapet som valstyre	9
Administrasjonsutvalet	9
Lønsutval for kommunedirektør	9
Eigedomsutvalet	10
OVERORDNA PRINSIPP FOR SAL AV EIGEDOM	10
Plan-, bygg-, og miljøutvalet (PBM)	11
Plan-, bygg- og miljøutvalet som kommunal klageinstans (klagenemnd)	11
Tenesteutvalet	12
Ombodsutvalet	12
Kontrollutvalet	13
Ordfører (varaordfører)	13
Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	14
Eldrerådet	14
Ungdomsrådet	15
VEDTEKTER FOR BJØRNAFJORDEN UNGDOMSRÅD	15
Kommunale og interkommunale selskap	16
Valnemnd for styra i kommunalt eigde selskap og foretak	16
Kommunedirektør	17

Vedtatt av Bjørnafjorden kommunestyre [i sak xx/2026 dd.mm.2026]

Delegeringsreglement

1 OM REGLEMENTET

Reglementet inneheld allmenne føresegner om delegering, kommunestyret sine saksområde og delegering frå kommunestyret til politiske utval, og frå kommunestyret til kommunedirektør. Delegering i budsjettsaker er også skildra.

2 MÅLSETTING

Delegeringsreglementet skal gi innbyggjarane, politikarane og dei tilsette oversikt over ansvarsfordeling og delegering av frå kommunestyret til andre politiske organ, og frå kommunestyret til kommunedirektøren.

Ved å utnytta delegering får ein reell klagemoglegheit i kommunen ved at overordna kommunalt organ kan vera klageinstans.

3 DELEGERING FRÅ UTVAL TIL ADMINISTRASJON

Det einskilde utval kan vidaredelegera eige mynde til kommunedirektør å treffe vedtak i ikkje-prinsipielle saker.

Kommunedirektøren skal rapportera til utvala. I prinsippet skal alle vedtak som er vedteke på bakgrunn av delegert mynde rapporterast. Vi skal søka å gje ei lik/einskapleg rapportering til dei ulike utvala. Kommunedirektør rapporterer til formannskapet om organisatoriske endringar.

4 VIDAREDELEGERING FRÅ KOMMUNEDIREKTØR

Når ikkje anna er bestemt, kan kommunedirektøren delegera mynde vidare. Ansvars og myndighetsfordeling mellom kommunedirektør og resten av administrasjonen er spesifisert og klargjort i vidaredelegeringsreglementet.

5 DELEGERING BETYDNING

Med delegering i dette reglement meiner vi overføring av mynde til å fatta vedtak eller ta avgjerd på ulike område, frå kommunestyret til politiske utval eller til kommunedirektør.

Delegeringsreglementet i Bjørnafjorden er lagt opp etter eit prinsipp om at det som kan delegerast er delegert (maksimal delegasjon), unntak frå denne hovudregelen skal nemnast i reglementet (omvendt prinsipp).

Delegert mynde kan når som helst trekkast tilbake, og delegerande organ kan sjølv treffa vedtak i saka. Delegerande organ kan gi instruks, overprøva og omgjera underordna organ sitt vedtak innanfor ramma av forvaltningslova § 35.

Der mynde følgjer av lov er det ikkje naudsynt med delegering, men det kan klargjera kven som har ansvar. Bjørnafjorden nyttar den digitale løysinga KF Delegeringsreglement som hjelp til å klargjera kven som har mynde eller ansvar for oppgåver som gjennom lov er gitt til kommunen.

Kommunedirektør har fullmakt til å tilføra nye/endra lover fortløpande i KF Delegeringsreglement med dei avgrensingar som følgjer av dette reglement.

Dersom eit organ fattar vedtak utan at det har fått delegert mynde kan vedtaket vera ugyldig. Det same gjeld dersom mynde er delegert i strid med reglane for vidaredelegering. Sjå forvaltningslova § 41 om verknad ved feil i behandlingsmåten.

6 KLAGE

Klage på enkeltvedtak fatta av administrasjonen eller i dei politiske utvala, skal først leggst fram for det besluttande organet til ny vurdering, om ikkje dette reglement peiker på anna organ. Dersom vedtaket blir oppretthalde går klagen til klageinstansen.

7 ANNA

Kommunestyret sitt verkeområde samt delegering til ordførar, formannskap og andre utval er lagt inn i skildringa av desse organa.

Kommunestyret

Kommunestyret er kommunen sitt øvste organ og skal ha 35 medlemmer. Medlemene blir valde etter reglane vallova.

Kommunestyret skal behandla saker dersom ei lovføresegn særleg tilseier det, eller når saka si art gjer at kommunestyret sjølv bør avgjera ho. Kommunestyret skal avgjera saker som har eit klart overordna styringsformål, mellom anna:

1. Reglement for politisk organisering og delegering, samt saksbehandlingsreglement for folkevalde.
2. Vedtekter, forskrifter og overordna retningslinjer.
3. Prioriteringar av større budsjettmessig og overordna betydning.
4. Fastsetjing av arbeids- og ansvarsskilja mellom politisk og administrativt nivå, inkludert vedta reglement og føringar for utøving av delegert mynde.
5. Vedtak om kommunale budsjett, avgifter, og prinsipp for fastsetting av leigesatsar, eigenandeler, brukarbetaling, gebyr som ikkje er fastlagde i lover og forskrifter med vidare.
6. Saker om konsesjonar eller avtalar om leveransar, betydelege bruksrettar eller særlege råderettar som anten bind kommunen i meir enn 5 år eller stor økonomisk betydning. Saker av denne typen under kr 10 000 000,- er delegert til formannskapet.
7. Behandlar
 - 7.1 Kjøp, sal, makeskifte og pantsetjing av fast eigedom
 - når verdien er over 10 000 000 kroner
 - eller når saka gjeld å gje frå seg eller hefta bort rettार i fast eigedom over same beløpsgrense.
 - 7.2 Prinsipiell avklaring av sal av eigedom over 4 mål.
 - 7.3 Fastsetjing av overordna prinsipp for sal av eigedom.

Utover dette delegerer kommunestyret mynde ved kjøp og sal av eigedom til eigedomsutvalet og kommunedirektøren. Sjå kapitla om eigedomsutvalet og kommunedirektøren for nærare detaljar.

8. Andre saker der saka si art gjer det naturleg at kommunestyret sjølv fattar avgjerd.

Alle andre saker, som etter delegeringsreglementet ikkje skal behandlast av kommunestyret, er delegert frå kommunestyret til dei faste utvala, jf. kommunelova § 5-7, og til kommunedirektøren etter kommunelova § 13-1.

Formannskapet

Formannskapet er oppretta med heimel i kommunelova § 5-6 og skal ha 9 medlemmer.

Formannskapet skal behandla arbeidsgjevarpolitikk og eigedomsforvaltning i samsvar med

slik mynde til eigedomsforvaltning er fordelt mellom kommunestyre, formannskap, eigedomsutval og kommunedirektør. Formannskapet er økonomiutval og treff vedtak i prinsipielle saker.

Formannskapet skal:

1. Samordna saker som skal til politisk behandling, og setja den politiske dagsorden.
2. Handtera saker som krev samordna politisk behandling for fleire sektorar
3. Innstilla til kommunestyret i økonomisaker som nemnt i kommunelova § 14-3 tredje ledd og til skattevedtak. Formannskapet følgjer opp økonomirapporteringa i kommunen gjennom budsjettåret.
4. Handtera prinsipielle saker om kommunal drift og tenesteproduksjon som har økonomisk verknad
5. Handtera andre saker som føreset politisk behandling, og som ikkje blir behandla i eit anna fast utval.
6. Handtera saker om konsesjonar eller avtarar om leveransar, betydelege bruksrettar eller særlege råderettar som anten bind kommunen for meir enn 5 år eller har mykje å seia for kommunen sin økonomi med verdi på 10 millionar eller lågare.
7. Behandla eigedomssaker frå eigedomsutvalet
 - når eigedomsutvalet ikkje er samrøystes ved sal, makeskifte eller pantsetjing av eigedom under 4 mål,
 - eller når eigedomsutvalet legg fram ei sak fordi eigedomen kan ha prinsipiell interesse for kommunen.
8. Avgjera løn og arbeidsvilkår for kommunedirektør.
9. Vera eigarutval for kommunale føretak og kommunale aksjeselskap, og kan påverka eller instruera kommunen sin representant/vararepresentant til generalforsamling eller rådsmøte som finn stad i selskap og føretak, i saker som ikkje kommunestyret sjølv må vedta.
10. Vera kommunal klageinstans (klagenemnd) med unntak for klager etter veglova. Klagenemnda er kommunen sitt endelege klageorgan der lov og/eller forskrift ikkje tilseier anna klagebehandling.

Formannskapet har vidare følgjande ansvarsområde utover dette:

- Næringsutvikling
- Strategisk og operativ sentrums- og bygdeutvikling
- Kommunal samfunnsutvikling, under dette hamn, parkering mv
- Hovudplanar for vatn, avlaup og veg
- Samferdselssaker som ikkje er delegert anna utval
- Oppfølging av kommunale byggeprosjekt
- Samfunnssikkerheit og sivil beredskap
- Kommuneplanen sine samfunns- og arealdelar

Formannskapet som kommunal klageinstans (klagenemnd)

Formannskapet har delegert mynde som klageinstans for enkeltvedtak, jf. Forvaltningslova § 28, andre ledd, når slike vedtak er fatta med grunnlag i kommunelova.

Mynde som kommunal klageinstans omfattar ikkje saker der kommunen er delegert mynde frå statleg forvaltningsorgan. I slike saker er Statsforvaltar klageinstans.

Klagesaker skal behandlast på ordinært fastsette møtedatoar for formannskapet, men slik at det blir markert eit formelt skilje mellom funksjonen som formannskap og funksjonen som klageinstans.

Nærare reglar følgjer av kapittelet Reglement for formannskap og plan-, bygg- og miljøutvalet som kommunal klageinstans.

REGLEMENT FOR FORMANNSKAP OG PLAN-, BYGG- OG MILJØUTVALET SOM KOMMUNAL KLAGEINSTANS

1. Heimel og mandat for oppnemning av Formannskap og Plan- bygg og miljøutvalet som kommunal klageinstans

Etter forvaltningslova § 28, 2. ledd, er det kommunestyret som er klageinstans for enkeltvedtak når slike vedtak er fatta med grunnlag i lov om kommunar eller fylkeskommune (kommunelova). Eventuelt Formannskap eller særskilt klagenemnd etter delegert mynde av kommunestyret. I Bjørnafjorden kommune er det Formannskapet er kommunal klageinstans, med unntak for klager etter veglova, der Plan- bygg og miljøutvalet (PBM) er kommunal klageinstans.

Som kommunal klageinstans har ein på kommunestyret sine vegner mandat til å avgjera klagesaker som gjeld enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2b, der kommunen er mynde med grunnlag i kommunelova. Mynde som kommunal klageinstans omfattar såleis ikkje saker der kommunen er delegert mynde frå statleg forvaltningsorgan. I slike saker, som til dømes saker etter plan- og bygningslova og forureiningslov, er Statsforvaltar klageinstans.

2. Møteorden

Klagesaker skal behandlast på ordinært fastsette møtedatoar, men slik at det blir markert eit formelt skilje mellom funksjonen som Formannskap/Plan- bygg og miljøutval, og funksjonen som klageinstans.

Klagesakene skal derfor skiljast ut frå andre saker på dagsordenen, og med eige sakskart.

3. Saksbehandlingsreglar

For saksbehandling av klager gjeld kommunelova Kap. 11, forvaltningslova Kap. IV-VI og «Saksbehandlingsreglar for folkevalde i Bjørnafjorden kommune 2027-2031» så langt dei passar.

Dette med unntak for følgande punkt;

- Pkt. 3.2 om møteplan, ved at klagesaker skal behandlast behandlast av Formannskap og PBM i samsvar med ordinær møteplan, men som ein åtskild del av møtet
- Pkt. 3.3 Møte og talerett for Kommunedirektør; kommunedirektøren har møte og talerett, så lenge denne er habil, dvs. ikkje har vore med på å førebu eller fatta vedtak i saka, jf. kommunelova § 13-3, 2. ledd.

- Pkt. 4.6 om mindretalsanke gjeld ikkje, sidan sakene er undergitt partsklage
- Pkt. 4.9 om protokollmerknad gjeld ikkje
- For øvrig gjeld ikkje punkt som ikkje er relevante, slik som hastesaker, politisk kvarter, interpellasjonar o.l.

4. Behandling av klager

4.1. Funksjon og kompetanse

Klageinstansen sin kompetanse går fram av forvaltningslova § 34.

Klageinstansen si oppgåve er å sjå til at det påklaga enkeltvedtak er behandla og avgjort av kommunale forvaltningsorgan i samsvar med lover, forskrifter, retningslinjer m.m.

Klageinstansen si prøving av forvaltningsmessig skjønn må i kvar sak utøvast etter gjeldande lover og regelverk.

Klageinstansen skal såleis vurdere

- Saksbehandlinga: dvs. om denne er i tråd med regelverket for saksbehandling: jf. forvaltningslova og eventuelle særlover.
- Lovgrunnlaget: dvs. om vedtak er gjort i samsvar med aktuelle lover og forskrifter, og i tråd med kommunalt delegeringsreglement, kommunale retningslinjer m.m.
- Skjønsutøvinga: dvs. om forvaltningsorganet si skjønsvurdering er rimeleg i den konkrete saka sett i høve til aktuelle lover, forskrifter og kommunale retningslinjer.

Også opplysningar som er komne inn under klagebehandlinga og som er nye, kan leggst til grunn for vedtaket.

Klageinstansen skal sjå til at likebehandlingsprinsippet blir følgt i den kommunale forvaltninga.

4.2. Saksførebuing og behandling for klagenemnda

Kommunal klageinstans skal normalt gjera vedtak på grunnlag av «partenes anførsler, underinstansen si saksframstilling og eventuelle uttalelse om klagen», jf. Kommunaldepartementet sitt rundskriv H-12/94.

Utgangspunktet og hovudregelen for saksførebuinga er at den skal vera skriftleg, jf. forvaltningslova § 11d, 2. ledd. Dersom ein part har sakleg grunn for det og ei forsvarleg utføring av tenesta tillèt det, kan ein part få høve til samtale med klageinstansen sin særskilde rådgjevar.

Klageinstansen sine medlemar skal ikkje delta på saksførebuinga, men ta stilling til klagen på grunnlag av dei dokumenta og dei saksopplysningane som er lagde fram i møte. Formannskaps- og utvalsmedlemmane skal ikkje ha samtalar med parten, underinstansen (forvaltningsorganet) eller med representantar for desse om saker som er under førebuing eller som det er rimeleg grunn til å tru vil koma opp til behandling for den særskilde klagenemnda.

Klagenemnda som organ kan unntaksvis gje klagar og representant frå forvaltningsorganet høve til å leggja fram faktiske saksopplysningar munnleg i nemnda sitt møte. Parten har ikkje høve til å prosedera heile saka slik at avgjerdsgrunnlaget blir munnleg.

4.3. Møteoffentlegheit

Møte som behandlar klager er i utgangspunktet offentlege, jf. kommunelova § 11-5. I Bjørnafjorden kommune skal denne typen møte ikkje strøymast.

Møta kan lukkast med heimel i kommunelova § 11-5, 3. ledd, enten av omsyn til personvern eller tungvegande offentlege interesser.

Heimel for å lukka møte av omsyn til personvern i kommunelova, er vidare enn reglane om teieplikt, og bør vurderast sak for sak ut frå saka sitt innhald og karakter.

4.4. Saksgang – i politiske råd og utval

Når det er fastsett i særlov, skal det politiske utvalet/organet som har ansvar for saksområdet ta stilling til klagen før klageinstansen eventuelt får saka til endeleg behandling. Kva for organ som har ansvar for saksområdet går fram av «Politisk organisering og delegering for Bjørnafjorden kommune 2027-2031».

4.5. Sakskostnader

Dersom formannskap eller Plan-, bygg- og miljøutvalet tar klage til følge og skal vurdere tilkjenning av sakskostnader, skal det føreligga ei innstilling frå kommunedirektøren om storleiken på beløpet, før kommunal klageinstans tar stilling til spørsmålet om sakskostnader.

5. Særskild rådgjevar sin funksjon, oppgåver og fullmakter

For å sikra habilitet, jf. pkt. 7, blir klagesaker førebudd, greia ut og lagt fram for kommunal klageinstans av ein særskild administrativ rådgjevar. Særskilt rådgjevar gir også råd og rettleiing for klageinstansen ved behandling av klager.

Kommunedirektøren avgjer kven som skal vere særskild rådgjevar.

Dersom ein kommunalt tilsett blir peika ut til oppgåva, er vedkomande fagleg og administrativt fristilt i denne samanhengen. Det vil seia at særskilt rådgjevar skal senda si saksframstilling og innstilling direkte til klagenemnda, og ikkje via kommunedirektøren. Kommunedirektøren kan heller ikkje delta i vurdering av klagen eller gje instruksar overfor den særskilde rådgjevaren.

Under saksførebuinga har den særskilde rådgjevaren fullmakt til å senda saker tilbake til kommunale forvaltningsorgan og peika på eventuelle saksbehandlingsfeil og om naudsynt be om ytterlegare saksopplysningar.

6. Møterett og møteplikt for tilsette

Særskilt rådgjevar og møtesekretæren har rett og plikt til å vera til stades under møta. Med unntak for kommunedirektør har andre kommunalt tilsette ikkje slik møterett, jf. kommunelova § 13-4, 3. ledd, men kan vera til stades dersom møtet ikkje er lukka, jf. pkt. 4.3.

Tilsett som har deltatt i behandling av det påklaga vedtaket, kan også kallast inn til klageutvalet for å gje ei forklaring dersom det er føremålstenleg, sjå Rettleiar om habilitet i kommunar og fylkeskommunar 2011, pkt. 4.4.1.

7. Habilitet for tilsette

Når ei klage skal behandlast etter forvaltningslova § 28, 2. ledd, er tilsett som har vore med å førebu eller treffa vedtaket, inhabil til å delta i klageinstansen si behandling av vedtaket, eller til å førebu saka for klagebehandling, jf. kommunelova § 13-3. 2. ledd og pkt. 5. ovanfor om særskilt rådgjevar.

Dette gjeld som klageinstans og ikkje førsteinstans.

Avdeling som har førebudd og treft det påklaga vedtaket, skal derfor vurderer klagen som underinstans, i samsvar med eigne rutinar for dette. Som underinstans kan ein ta klage til følge, og viss dette ikkje blir gjort sender underinstansen saksframstilling til særskilt rådgjevar. Vurdering av klagen og skiving av saksframlegg kan gjerast av same personar som har fatta førstegangsvedtaket.

Formannskapet som valstyre

Valstyret er oppretta med heimel i kommunelova § 5-7, jf. § 5-1, §5-13 og skal ha 9 medlemmer. Valstyret blir vald for heile valperioden og er likt formannskapet.

Valstyret har delegert ansvar for organiseringa av kommune- og stortingsvalet og eventuelle folkerøystingar.

Valstyresaker skal behandlast på ordinært fastsette møtedatoar for formannskapet, men slik at det blir markert eit formelt skilje mellom funksjonen som formannskap og funksjonen som valstyre.

Administrasjonsutvalet

Administrasjonsutvalet er oppretta med heimel i kommunelova § 5-11, jf. §5-13 og skal ha 5 medlemmer

Administrasjonsutvalet er eit partssamansett utval, og av dei fem medlemene skal 3 vera politisk valde medlemmer, og 2 skal vera frå dei tilsette sine organisasjonar.

Administrasjonsutvalet blir vald for heile valperioden.

Administrasjonsutvalet har delegert mynde til å

1. behandla saker som omhandlar forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette, jf. kommunelova. § 5-11.
2. drøfta og behandla overordna personalpolitiske saker i tråd med Hovudavtalen § 4.
3. ta avgjerd i stridsspørsmål om forståing og praktisering av avtalar, reglement og andre vedtak som gjeld tilsettings- og arbeidsvilkåra i kommunen.

Lønsutval for kommunedirektør

Lønsutvalet for kommunedirektør er oppretta med heimel i kommunelova § 5-6, 3. avsnitt jf. §5-1 og skal ha 3 medlemmer valde blant formannskapet sine medlemmer.

Lønsutval for kommunedirektør blir vald for heile valperioden.

Lønsutvalet for kommunedirektør er arbeidsutval for formannskapet.

Lønsutvalet skal

1. Drøfta og følgja opp leiaravtale med drifts-, resultat- og personlege mål for kommunedirektøren.
2. Innstilla til formannskapet på leiaravtale og kommunedirektøren si årlege lønsutvikling.

Lønsutvalet gjennomfører leiarsamtale om leiaravtalen med kommunedirektøren, medan det er ordførar som gjennomfører medarbeidarsamtalar (løpande oppfølging om arbeidsoppgåver, trivsel og liknande) med kommunedirektøren.

Eigedomsutvalet

Eigedomsutvalet er oppretta med heimel i kommunelova § 5-7, jf § 5-1, §5-13 og skal ha 3 medlemmer valde blant formannskapet sine medlemmer.

Eigedomsutvalet blir vald for heile valperioden.

Eigedomsutvalet behandlar og avgjer:

1. Kjøp, sal, makeskifte og pantsetjing av eigedom
– når verdien er inntil 10 000 000 kroner.
2. Sal, makeskifte eller pantsetjing av eigedom under 4 mål, uavhengig av verdi, dersom utvalet er samrøystes.
– Ved usemje skal saka leggjast fram for Formannskapet.
– Dersom eigedomen kan ha prinsipiell interesse for kommunen, skal saka òg leggjast fram for Formannskapet.
3. Gjennomføring av salsprosess eller makeskifte for eigedom over 4 mål når kommunestyret har avklart prinsipielt at sal/makeskifte skal skje.
– Utvalet kan nytte ekstern juridisk kompetanse og eigedomsmeklar.
4. Dersom det ligg føre budsjettdekning, har Eigedomsutvalet fullmakt til å kjøpa/leiga eigedom på vegner av Bjørnafjorden kommune. Utan budsjettdekning må framlegg om kjøp/leige av eigedom fremjast for Bjørnafjorden kommunestyre.

Eigedomsutvalet skal følgja prinsipp for sal av eigedom slik desse er fastsette av kommunestyret:

OVERORDNA PRINSIPP FOR SAL AV EIGEDOM

1. Kommunal eigedom skal som hovudregel seljast til høgstbydande etter open utlysing.
2. Følgjande alternative modellar kan nyttast dersom ein vurderer dette som ein

betre prosess for dei einskilde sala som skal gjennomførast;

A. Sal etter prekvalifisering og avgrensa bodrunde

Kommunen inviterer interessentar til prekvalifisering på gitte vilkår/kriterium.

Invitasjonen kan skje ved open utlysing eller gjennom direkte invitasjon til fleire aktørar.

Kvalifiserte aktørar kan deretter delta i ein avgrensa bodrunde på eigedommen. Sal skjer til høgste bod.

B. Sal etter direkte forhandlingar

Kommunen kan forhandla direkte med ein eller fleire interessentar til ein eigedom, og inngå salsavtale med den som samla sett gjev det beste tilbodet. Sal etter direkte forhandling kan ikkje gjennomførast utan at det føreligg verditakst for eigedommen, som eit referansegrunnlag.

C. Sal av mindre tilleggsareal

Sal av mindre tilleggsareal kan skje direkte til interessent der det er avklart at arealet ikkje har interesse for fleire potensielle kjøparar. Sal skjer til takst eller bod.

Plan-, bygg- og miljøutvalet (PBM)

Plan-, bygg- og miljøutvalet er oppretta med heimel i kommunelova § 5-7, jf. § 5-1, §5-13 og skal ha 9 medlemmer.

Plan-, bygg- og miljøutvalet blir vald for heile valperioden.

Plan-, bygg- og miljøutvalet

- Gjer underinstansbehandling (førebuande klagebehandling) for klage på enkeltvedtak etter plan- og bygningslova §1-9, jf. forvaltningslova § 33.
- Kan vedta mellombels forbod mot tiltak (bygge- og deleforbod) jf. plan- og bygningslova.
- Innstiller til kommunestyret i saker som gjeld arealplanar. Utvalet har mynde til å avgjera om arealplanane er klare for endeleg behandling i kommunestyret.
- Mottar rapportering frå Kommunedirektøren på delegerte vedtak etter plan- og bygningslova.
- Har ansvar for landbruk, inkludert viltforvaltning og konsesjon.
- Behandlar prinsipielle saker etter viltlova, jordlova og motorferdselslova.
- Tek avgjerd ved søknad om deling av grunneigedom og omdisponering av jord etter jordlova, der areal omfattar meir enn 0,5 da etter jordlova § 12.
- Treff avgjerd i saker om endring av reguleringsplan etter forenkla prosess etter plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd i tilfelle der kommunedirektøren finn at eit forslag om endring etter forenkla prosess ikkje bør føra fram.
- Er kommunen sitt trafikktryggleiksutval og har som del av dette ansvar for trafikksikringsplan for kommunale vegar og årleg rullering av handlingsdelen i trafikksikringsplanen.

Plan-, bygg- og miljøutvalet som kommunal klageinstans (klagenemnd)

Plan-, bygg- og miljøutvalet har delegert mynde som klageinstans for enkeltvedtak, jf. Forvaltningslova § 28, andre ledd, når slike vedtak er fatta med grunnlag i veglova.

Klagesaker skal behandlast på ordinært fastsette møtedatoar for formannskapet, men slik at det blir markert eit formelt skilje mellom funksjonen som formannskap og funksjonen som klageinstans.

Nærare reglar følgjer av Reglement for formannskap og plan-, bygg- og miljøutvalet som kommunal klageinstans under kapittelet om Formannskapet som kommunal klageinstans.

Tenesteutvalet

Tenesteutvalet er oppretta med heimel i kommunelova § 5-7, jf. § 5-1, §5-13 og skal ha 9 medlemer.

Tenesteutvalet blir vald for heile valperioden.

Tenesteutvalet blir gitt mynde til å treffa avgjerd i relevante saker innanfor sektor helse og velferd, sektor samfunnsutvikling og sektor oppvekst. I saker med økonomiske konsekvensar innstiller tenesteutvalet til formannskapet.

I saker der utvalet ikkje treff avgjerd/har mynde innan sitt ansvarsområde, innstiller utvalet til kommunestyret.

Forhold som krev behandling i fleire utval blir avgjort av formannskapet, eventuelt innstiller formannskapet til kommunestyret.

Utvalet har følgande ansvarsområde:

- Kultur, idrett og friluftsliv
- Andre saker frå sektor samfunnsutvikling som naturleg høyrer til under tenesteutvalet.
- Psykisk helsevern og rus
- NAV
- Pleie- og omsorg
- Helsefremming og rehabilitering
- Tilrettelagte tenester
- Legetenester og legevakt
- Andre saker frå sektor helse og velferd som naturleg høyrer til under tenesteutvalet.
- Skule
- Barnehage
- Vaksenopplæring
- Familiens hus
- Andre saker frå sektor oppvekst som naturleg høyrer til under tenestutvalet.

Ombodsutvalet

Ombodsutvalet er oppretta med heimel i kommunelova § 5-7, jf § 5-1, § 5-13 og skal ha fem medlemer.

Ombodsutvalet blir vald for heile valperioden.

Ombodsutvalet skal ein gang i løpet av valperioden leggja fram revidert forslag til reglement for politisk organisering og delegering, saksbehandlingsreglar for folkevalde og forskrift om

godtgjersle og dekking av utgifter for folkevalde.

Kontrollutvalet

Kontrollutvalet er oppretta med heimel i kommunelova kapittel 23, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon og skal ha 5 medlemmer.

Kontrollutvalet si samansetting er slått fast i kommunelova § 23-1. Kontrollutvalet skal føra løpande tilsyn med den kommunale forvaltninga på kommunestyret sine vegner, jf. kommunelova. § 23-1.

Kontrollutvalet skal medverka til at befolkninga har tillit til at kommunale oppgåver blir løyste på best mogleg måte, og at den kommunale oppgåveløysinga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og politiske vedtak.

Ordførar (varaordførar)

Ordføraren er den fremste representanten til kommunen og tek seg av dei gjeremåla som er lagt til ordføraren i kommunelova § 6-1, andre lover, forskrifter og reglement.

Varaordførar har ordførar sitt mynde og ivaretek ordførar sine oppgåver i ordføraren sitt fråvær, t.d. ved sjukdom, lengre reiser, feriar o.l.

MYNDE

1. Ordførar har signaturrett.
2. Ordføraren møter som kommunen sin representant i generalforsamling for kommunale aksjeselskap, dersom ikkje noko anna er sagt i vedtektene for selskapet.
3. Fattar avgjerd om det skal søkjast om heidersteikn til politikarar og tilsette innanfor reglane til KS
4. Ordførar har mynde til å fatta vedtak i saker som skulle vore avgjort av eit anna organ, når det er nødvendig å fatta eit vedtak så raskt at det ikkje er tid til å kalla inn det organet som skulle ha avgjort saka, jf. kommunelova § 11-8.
Ordførar skal rapportera til kommunestyret om korleis det delegerte myndet er nytta.

ANDRE OPPGÅVER FOR ORDFØRAR:

Ordførar skal:

1. Kalla inn til møte i kommunestyre og formannskap i samsvar med reglane i kommunelova og reglement vedteke i Bjørnafjorden kommune.
2. Leia møta i kommunestyret og formannskapet i samsvar med reglane i kommunelova og kommunen sitt saksbehandlingsreglement for folkevalde.
3. Syta for rettleiing til kommunestyret om reglar for saksbehandling, under dette også spørsmål om gildskap og om mindretalsanke.
4. Halda seg orientert om saker av særleg interesse for kommunen.
5. Halda seg orientert om kommuneøkonomien.

6. Syta for at kommunestyret blir gjort kjent med den økonomiske stoda i kommunen, tiltak som har mykje å seia for kommunen og om nye vedtak, føresegner, rundskriv, viktige meldingar og viktige saker som er under førebuing.
7. Vera bindeledd mellom politisk nivå og administrasjonen, og sjå til at politiske vedtak blir følgde opp av kommunedirektøren.
8. Vera kommunedirektøren sin næraste overordna, og gjennomføra medarbeidersamtalar (løpande oppfølging om arbeidsoppgåver, trivsel og liknande) med kommunedirektøren. Ordføraren skal vera leiar i lønsutvalet for kommunedirektør som gjennomfører leiarsamtalar (om leiarskap, styring og overordna prioriteringar og liknande) med kommunedirektør.
9. Vera kommunen sin rettslege representant, og skal underteikna rettsdokument og saksdokument som har vore behandla i politiske fora.
10. Vera ombodsperson for næringslivet i kommunen.
11. Delta på eigarmøta med kommunale føretak og kommunalt eigde aksjeselskap, jf. Eigarskapsmelding for Bjørnafjorden kommune del I og del III.
12. Gjera utdrag av vekeplanen sin tilgjengeleg for ålmenta.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er oppretta med heimel i kommunelova § 5-12, jf. forskrift om medverknadsordningar, og skal ha 7 medlemmer.

Rådet blir vald for heile valperioden.

Tre av medlemene, med varamedlemar, skal vera politisk valde. Minst ein av desse medlemene skal vera frå kommunestyret. Fire medlemar, med varamedlemar, skal koma frå lag og foreiningar som representerer personar med nedsett funksjonsevne.

Kommunestyret vel medlemmane til rådet, og rådet vel sjølv leiar og nestleiar blant medlemene, jf. forskrift om medverknadsordningar § 3 tredje ledd.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er eit rådgjevande organ som skal ha til behandling alle saker som gjeld levekår for menneske med nedsett funksjonsevne i kommunen, jf. forskrift om medverknadsordningar § 2.

Eldrerådet

Eldrerådet er oppretta med heimel i kommunelova § 5-12, jf. forskrift om medverknadsordningar, og skal ha 7 medlemmer.

Rådet blir vald for heile valperioden.

Tre av medlemene, med varamedlemar, skal vera politisk valde. Minst ein av desse medlemene skal vera frå kommunestyret. Fire medlemar, med varamedlemar, skal koma frå lag og foreiningar som representerer eldre.

Kommunestyret vel medlemmane til rådet, og rådet vel sjølv leiar og nestleiar blant medlemene, jf. forskrift om medverknadsordningar § 3 tredje ledd.

Eldrerådet er eit rådgjevande organ som skal ha til behandling alle saker som gjeld levekår

for eldre i kommunen, jf. forskrift om medverknadsordningar § 2.

Ungdomsrådet

Ungdomsrådet er oppretta med heimel i kommunelova § 5-12, jf. forskrift om medverknadsordningar, og skal ha 9 medlemmer.

Rådet blir vald for inntil to år av gangen.

Av rådet sine ni medlemmer skal seks vera frå kvar av ungdomsskulane og dei vidaregåande skulane i kommunen. Tre skal vera frie representantar vald frå ei valliste med innkomne forslag til kandidatar etter ei opa utlysing.

Rådet vel sjølv leiar og nestleiar blant medlemene, jf forskrift om medverknadsordningar § 3 tredje ledd.

Medlemene i ungdomsrådet skal på valtidspunktet ikkje ha fylt 19 år.

Ungdomsrådet er eit rådgjevande organ som skal ha til behandling alle saker som gjeld levekår for unge i kommunen, jf. forskrift om medverknadsordningar § 2.

VEDTEKTER FOR BJØRNAFJORDEN UNGDOMSRÅD

§1 Mål

Bjørnafjorden ungdomsråd skal fremja ungdommen sine interesser og tala deira sak i Bjørnafjorden kommune.

§2 Rolle

Ungdomsrådet skal ha rett til å:

- uttala seg i alle saker som gjeld ungdom
- ta opp saker på eige initiativ
- rå over eit eige budsjett til drift av rådet og fordeling på ungdomstiltak

§3 Representasjon

Ungdomsrådet i Bjørnafjorden skal ha 9 medlemmer og desse skal vera i alderen 13-19 år. Du kan ikkje velgast inn etter at du har fylt 19 år.

Ungdomsskular og vidaregåande skular ved elevråda og ungdomsorganisasjonar, blir inviterte til å koma med forslag til kandidatar til ei valliste.

Det må minst vera ei jente og ein gut frå kvar skule på vallista, med personleg vara av same kjønn. Det er ønskjeleg at alle ungdomsskular og vidaregåande skular i kommunen er representerte i ungdomsrådet. Ungdomsorganisasjonar blir bedne om å fremja forslag til faste medlemmer med personleg vararepresentantar.

Ungdom som går på skule i Bjørnafjorden, men som er folkeregistrert buande i ein annan kommune kan stilla til val i ungdomsrådet.

§4 Val

Valperioden for ungdomsrådet sine representantar er inntil 2 år. Kommunestyret vel ungdomsrådet utifrå ei liste med kandidatar frå skulane. Elevråda får i oppgåve å organisera

rekruttering av kandidatar i ein open og demokratisk prosess på skulane. Det skal velgast leiar og nestleiar på konstituerande møte i ungdomsrådet kvar haust. Funksjonstida til leiar og nestleiar er 1 år. Ungdomsrådet kan velga å ha andre verv og roller fordelt i styret.

§5 Møta

Medlemene i ungdomsrådet har møteplikt og må møta med mindre dei har gyldig forfall. Minst halvparten av medlemene må møta dersom ungdomsrådet skal fatta vedtak. Møteleiar har «dobbelstemme» dersom det er like mange stemmer ved avstemming i ei sak.

Ordførar har møte-, tale- og forslagsrett i ungdomsrådet.

§6 Rutiner for involvering

Kommunen skal etablere rutiner som sikrar at ungdomsrådet mottek sakene på eit så tidleg tidspunkt i saksbehandlingen at ein uttale kan påverka utfallet av ei sak. Ungdomsrådet skal representere og uttale seg på vegner av alle ungdomar i kommunen. Ungdomsrådet må difor leggja til rette for aktiv medverknad og innspel frå ulike grupper av ungdom.

§7 Økonomi

Ungdomsrådet får godtgjersle i samsvar med vedteke kommunalt regulativ og etter dei same reglar som andre folkevalde. Ungdomsrådet disponerer eit eige budsjett fastsett i årsbudsjettet til Bjørnafjorden kommune. Tilskotsmidlane skal stimulere til kultur, fritid og utviklingstiltak retta mot ungdom.

§8 Sekretariat og koordinering

Bjørnafjorden kommune pliktar å stilla til rådvelde nødvendig administrativ hjelp til å førebu og gjennomføre møta. Bjørnafjorden kommune skal peika ut ein koordinator som har som oppgåve å følgja opp ungdomsrådet gjennom arbeidsåret.

§9 Plan og rapport

Ungdomsrådet skal innan utgangen av kvart år behandla og vedta sin eigen handlingsplan som går vidare til kommunestyret for orientering. Ungdomsrådet skal innan 1. mars kvart år laga ein rapport der aktiviteten i det føregåande året blir evaluert opp mot eigen handlingsplan.

§10 Vedtektsendringar

Vedtektsendringar skal gjerast av kommunestyret.

Kommunale og interkommunale selskap

For saker som gjeld lovpålagte oppgåver, kan kommunestyret i medhald av kommunelova § 5-4, delegera mynde til å treffa vedtak til andre rettssubjekt så langt lovgjevinga opnar for det.

For andre saker kan kommunestyret og fylkestinget delegera mynde til å treffa vedtak til andre rettssubjekt hvis saka ikkje har prinsipiell betydning.

Valnemnd for styra i kommunalt eigde selskap og føretak

Valnemnda er oppretta med heimel i kommunelova § 5-9 og skal ha tre medlemmer.

Valnemnda har ikkje avgjerdsmynde, men er førebuande organ for kommunestyret i saker som gjeld val av medlemmer og varamedlemmer til styra i kommunalt eigde føretak.

Ved val av medlemmer til styra i kommunalt eigde aksjeselskap foreslår valnemnda kandidatar

for generalforsamlinga i selskapet. Generalforsamlinga vel medlemene og varamedlemene til styret i selskapet.

Kommunedirektør

Kommunedirektøren sitt mynde og kommunedirektøren sine oppgaver følger av kommunelova § 13-1.

Ved eventuell inhabilitet for kommunedirektør etter forvaltningslova § 6, skal kommunedirektør sitt mynde utøvast av ein sette-kommunedirektør frå ein annan kommune.

Delegeringsreglementet er sett opp etter prinsippet "det som ikkje er nemnd, er delegert" (omvendt prinsipp), men likevel slik at det innan visse sentrale område og fagfelt er gjeve nærare presiseringar.

Det blir presisert at kommunedirektøren

- har vedtaksmynde for endring av reguleringsplan etter forenkla prosess etter plan- og bygningslova § 12-14 når forslag om endring av plan etter forenkla prosess fører fram. Der kommunedirektøren finn at eit forslag om endring av plan etter forenkla prosess ikkje bør føra fram, ligg mynde til å fatta avgjerd til Plan-, bygg- og miljøutvalet.
- har fullmakt til å:
 1. Kjøpa og selja kommunal eigedom med verdi inntil 2 000 000 kroner.
 2. Kjøpa og selja kommunale utleigebustader innanfor den årlege budsjetttramma som er sett av til dette formålet.

Midlar frå sal av kommunale bustader skal først til fond for kjøp av nye kommunale bustader.